

VILL PLAN AS  
C. Sundts gate 37  
5004 BERGEN

**Vår dato:** 17.01.2022  
**Vår ref.:** 202119745-2  
**Dykkar ref.:**

**Sakshandsamar:** Toralf Otnes  
22 95 95 27/toot@nve.no

## **NVE sitt innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Hanevika - Gnr 421 bnr 2 og 11 m.fl. - Alver kommune**

Vi viser til brev motteke her 14.12.2021. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Hanevika. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for bustader, naust og småbåthamn.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

### **Konkrete innspel**

#### *Planområdet kan vere skredutsatt*

Det er ikkje aktsemdområde for skred i bratt terreng innanfor planområdet, jf. [NVE Atlas](#). Av kartet ser vi likevel at det er nokre bratte skrentar over det arealet som ligg ved sjøen. I følgje hellingskart på [www.hoydedata.no](http://www.hoydedata.no) er desse skrentane bratte nok til å vere lausneområde for steinsprang. Vi rår dykk difor til å nytte fagkyndige til å vurdere skredfaren dersom planen legg opp til utbygging nedanfor skrentane.

Dersom skredfaren er reell må det definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK17). NVE rår til at skredfarevurderinga vert gjennomført i samsvar med vår nettbaserte [Veileder for utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng](#).

Ev. fareområde må de innarbeide i planen, dvs. syne som omsynssone H310 Ras- og skredfare. Til omsynssonene må de knyte føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før



utbygging kan finne stad.

#### *Utfylling i strandsona kan utløyse skred*

Planområdet ligg langs sjøen med ei lang strandsona. I NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) er det eit eige kapittel (kap. 2.8) om aktsemd i strandsona. Der står det at det kan vere svært vanskeleg å sjå konsekvensane av ei lokal overbelastning i sjø, og at skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar. Difor rår rettleiaren til at det alltid vert gjennomført grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona.

#### **Generelle råd**

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

#### **NVE si oppfølging av planarbeidet**

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Toralf Otnes  
senioringeniør

*Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*

#### **Mottakarliste:**

VILL PLAN AS



**Kopimottakarliste:**

ALVER KOMMUNE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND